

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
17/2266

Vår ref.
17/4056 - TJU

Dato
15.09.2017

Høyring – Endringar i arbeidsmiljølova

Vi viser til Arbeids- og sosialdepartementets brev 14. september 2017 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

I framlegget til § 14-9 andre ledd bokstav g kjem ikkje meininga tydeleg fram. Denne føresegna er meint å gje bemanningsføretak høve til å tilsetja mellombels personar som skal leigast ut for å utføre vikararbeid i andre føretak. Ut frå ordlyden i framlegget er det derimot bemanningsføretaket som skal leigast ut for å utføre vikararbeidet, og det går heller ikkje tydeleg fram at dette handlar om avtaler mellom bemanningsføretaket og arbeidstakaren.

Det bør såleis vurderast å endre denne føresegna, slik at meininga kjem betre fram. Til dømes kan føresegna bli eit andre ledd andre punktum, og ei mogleg formulering kan vera: «*Bemanningsføretak kan inngå avtale om midlertidig ansettelse med arbeidstakere som skal leies ut for å utføre arbeid i stedet for en annen eller andre (vikariat).*»

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur

